



UKM 03/16 Val

Ungdommens kyrkjemøte gjennomførde to val under UKM.

1. Val av tre representantar til Kyrkjemøtet i 2017

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i kyrkja og blir av somme kalla kyrkjas «Storting». UKM sender fire representantar til å delta på Kyrkjemøtet 25.-31.januar 2017 i Trondheim. UKM delegatane møtast dagen før Kyrkjemøtet startar. Ein av desse fire representantane skal, i samsvar med UKMs forretningsorden, nemnast ut av Utval for ungdomsspørsmål. Dei tre andre skal veljast av UKM.

Dei som blei valde:

Nora Antonsen, 19 år frå Nord-Hålogaland

Ann-Elèn Leithaug, 23 år frå Norges Kristelige Studentforbund

Olav Brennsæter, 25 år frå NLM Ung

Vara:

Hannah Bekkelund, 17 år frå Oslo

Hermann Hamnes, 15 år frå Oslo

Pia Nilsson, 19 år frå Hamar

2. Val av to representantar til Utval for ungdomsspørsmål 2016-2018

Utval for ungdomsspørsmål (Ufung) er eit rådgivande organ for sekretariatet i Kyrkjerådet og spesielt for ungdomsrådgivaren i Kyrkjerådet. Ufung skal arbeide med saker som vedkjem ungdom i Den norske kyrkja nasjonalt og internasjonalt, og har eit spesielt ansvar i planlegginga og gjennomføringa av Ungdommens kyrkjemøte.

Dei som blei valde:

Silje Håve Smørvik, 22 år frå Nidaros

May Bente Anita Jønsson, 27 frå Møre og Samisk kyrkjeråd

Vara:

Ina-Helene Idsal, 19 år frå NMSU